

Saknummer: 04/00069
Løpenummer: 000309/04
Arkivkode: U63 &13
Saksbehandlar: Harald Haugejorden

GULEN FORMANNSKAP

Retts særutskrift av sak nr. 6/04

I møtet den 15.01.04

Av 5 medlemmer var 5 tilstades. 9

Saksnr.: 200309846	Saksnr.: 9
Arkivkode: RT 671.0	Møtedato: 30.01.04
Avg.: SAN	Saksbeh.: MER
U.off.:	

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
0006/04	Formannskapet	15.01.2004

ENDRINGAR I ALKOHOLLOVA - HØYRING

Formannskapet har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Sosialdepartementet, Postboks 8019, Dep., 0030 Oslo

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstfang:

Utsende vedlegg:

- Høyringskriv, datert 16.12.03
- Innhaldsoversyn, kap. 1, kap. 2, kap.7 og kap. 8 i høyringsnotatet

Ikkje utsende vedlegg:

- Kap. 2-7 i høyringsnotatet (ligg på internett: <http://www.sos.dep.no>)
- Lov om omsetning av alkoholholdig drikk (lov av 02.06.1989 nr. 27)

Saksutgreiing:

Heile Alkohollova er i 2003 gått grundig gjennom på bakgrunn av ymse innspel frå mange ulike hald. Sosialdepartementet seier i høyringskrivet at målet er ein effektiv alkoholpolitikk der skadeverknadene vert vegd mot rammene for omsetnad av ei lovleg vare.

Framlegget til endringar skal m.a. gje kommunane meir fridom når det gjeld å organisere det alkoholpolitiske arbeidet. Kommunen er tillagt vesentleg mynde i samband med alkohollova, og er ein viktig aktør for å nå måla i alkoholpolitikken.

I framlegget vert det lagt opp til friare delegering av mynde frå kommunestyret, og kommunale kontrollutval vert ikkje lenger pålagt. Dette opnar for nye og meir effektive lokale løysingar enn no, etter administrasjonen si vurdering. Med stadig større utfordringar i høve til kontroll (t.d. innføring av rusbrus) og sterk vekst i lønsutgifter dei siste åra, er det heilt naudsynt at regelverket vert opna for større fleksibilitet for å halde kostnaden nede.

Auka gebyr kan kompensere for vekst i utgifter. Satsane for gebyr er regulerte i eigen forskrift som har vore uendra frå 1998. Departementet ynskjer å vurdere satsane frå 01.01.2005. Administrasjonen legg til grunn at gebyrsatsane for kunnskapsprøve, permanent sals/skjenkeløyve og løyve ved einskildhøve på langt nær dekkjer kommunen sine kostnader i

samband med alkohollova, og meiner difor at satsane bør aukast meir enn ein indeksregulering skulle tilseie.

Krav om alkoholpolitisk handlingsplan er ikkje tilrådd fjerna.

Ein del av dei andre tilrådde lovendingane, t.d. når det gjeld vandelskontroll, vil truleg vere viktigast for større og meir uoversiktlege kommunar enn Gulen. Administrasjonen har ikkje prioritert å gå grundig gjennom desse.

Framlegg til vedtak:

Gulen kommune har slike innspel i samband med høyring om endringar i Alkohollova:

- Til kap. 2.2: Kommunen er samd i dei tilrådde endringane som gjev høve til auka delegasjon
- Til kap. 2.8: Kommunen er samd i dei tilrådde endringane som gjev høve til betre lokal tilpassing av kontrollfunksjonen.
- Til kap. 2.17: Kommunen meiner gebyrsatsane bør aukast i større grad enn det vert lagt opp til.

Behandling og vedtak i Formannskapet, 15.01.2004:

Nye framlegg:

Ordføraren, Krf kom med slikt framlegg til nytt innspel til kap. 2.17:

Kommunen meiner gebyrsatsane skal avgjerast lokalt etter sjølvkostprinsippet slik det vert gjort på andre gebyrområder t.d. VAR.

Ordføraren, Krf kom med slikt framlegg til generell merknad:

Alkohollova bør stille krav til eigen plassering av alkoholhaldige drikkar i butikkane, avskilt frå anna mineralvatn/daglegvarer.

Røysting:

Ordføraren sitt framlegg til innspel kap. 2.17 fekk 1 røyst.

Ordføraren sitt framlegg til generell merknad vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Gulen kommune har slike innspel i samband med høyring om endringar i Alkohollova:

- Til kap. 2.2: Kommunen er samd i dei tilrådde endringane som gjev høve til auka delegasjon
- Til kap. 2.8: Kommunen er samd i dei tilrådde endringane som gjev høve til betre lokal tilpassing av kontrollfunksjonen.
- Til kap. 2.17: Kommunen meiner gebyrsatsane bør aukast i større grad enn det vert lagt opp til.
- Generelt: Alkohollova bør stille krav til eigen plassering av alkoholhaldige drikkar i butikkane, avskilt frå anna mineralvatn/daglegvarer.